

**Referat SU (samarbeidsutvalet) Engelsvoll barnehage og skule**

**Tid:** 13.11.23

**Stad:** Rom 7, Engelsvoll skule

**Deltakarar:**

Siril Stakland Svela, elevrepresentant

Sol Linea Nielsen, elevrådsrepresentant

Brit Turid Nesse, tilsettrepresentant

Liv Marit Steen, andre tilsette i skulen

Heidi Martby -Skogsholm, FAU-representant skule

Benedicte Reime, FAU-representant skule

Christian Victor Pedersen, FAU-representant barnehage

Linda Nielsen Hjelmervik, FAU-representant barnehage

Inger Ølberg Lode, styrar barnehagen

Svein Egil Fatnes, tilsette barnehage

Tonje Lindland, tilsette barnehage

Thomas Sørnes, kommunerepresentant

Linda Refvik, rektor

Sak,nr.	Saker:
9/23-24	<p><b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b> Godkjent</p>
10/23-24	<p><b>Godkjenning av protokoll</b> Godkjent</p>
11/23-24	<p><b>Saker frå sist møte:</b> <b>Skulen:</b> Vi har mange elevar med vedtak om spesialundervisning. Dette vert det ikkje teken høgde for i tildelinga.</p> <p>Vi ser at det er ei stor utfordring er å få budsjettet til SFO i balanse når SFO skal vere sjølvfinansiert.</p>
12/23-24	<p><b>Skule/barnehage:</b> Trafikksikkerheit: Lalandsvegen, bygging av sykkelsti fører til utrygg skuleveg. Dette er ein fylkesveg, men et kommunalt ansvar. Det blei satt opp eit stålrekkverk, men det blåst vekk. Der er dei i gang med å sette opp autovern. Kan ein for eksempel la vere å arbeide når elevar går til og frå skulen? Fleire i SU gav uttrykk for at dei ikkje delte uro for denne strekninga.</p> <p>Eit ann strekk som ein ser kan vere trafikkfarleg er i undergrunnen der elevane tek fart opp bakken og må krysse veg i det dei kjem opp. Alle syklar som at det ikkje er trafikk der. Forslag til fotgjengarfelt, men det vert ikkje rekna som eit sikkerheitstiltak.</p> <p>Overgangsfelt ved barnehagen. Der busar nokon rett over og nokon går den riktige vegen. Der passerer 6000 bilar ila eit år. Fartsgrensa der er 50 km/t. Kan fartsgrensa reduserast til 40 km/t? Svaret var nei sist SU spurde. Då var grunngevinga at det er eit grøntareal mellom sykkelstien og hovudvegen. For 12 år sidan kunne ein ikkje sette ned fartsgrensa fordi det er tungtransport der. Fylkeskommuna har teke over ansvaret.</p> <p>Lastebilar og bossbil står parkert utanfor barnehagen. Det skaper mange trafikkfarlege situasjonar. Det er ein kommunal parkeringsplass. Kven kan bestemme dette? Kan det for eksempel settast opp eit skilt der det er parkering forbode for tungtransport mellom kl. 07.00-17.00.</p> <p>Eit stykke av skulevegen mellom barnehagen og skulen (Kvednadalen) er heilt mørklagt. Er det mogleg å få satt opp eit lys der? FAU tek opp dette med Asgeir, vaktmeister.</p>
13/23-24	<p><b>Orienteringssaker frå:</b> <u>Elevrådet:</u></p>

Hallogen blei arrangert for 5.-7. steg. 1.-4. fekk Haloven-tog. Elevane likte dette godt. Elevrådet gjekk i tog og var utkledd og hadde med musikk og snop. 5.-7. hadde skremmerom, godteri og limbo. Vaktmeisteren tok vekk lyset i garderoben. Mange på 3.-4. hadde lyst til å vere med.

Skulefrukost: Vi trur at skulefrukost kan føre til meir ro i klasseromma. Oppstart torsdag 16.11. FAU sponsar tiltaket. Det skal i tillegg vere ein sosial arena.

Kantine: Oppstart 24. november. Då kan elevane søke om å få jobbe i kantina. Besteforeldre og foreldre er velkomne til å hjelpe. 1.-4. ein fredag og 5.-7. neste fredag. Klippekort er gjort klar til elevane.

#### FAU barnehage:

Planlegge Lucia. Dette blir det siste SU-møte der barnehage og skule er saman. Det har vore kjekt å vore saman sidan ungane i barnehagen går til skulen. SU- barnehage vil ha møter med endå meir fokus på barnehagesaker.

FAU skule/SFO: Representant til FAU er vald. Ny SFO-leiar er på plass. Det vil bli litt meir styrte aktivitetar, for eksempel fast tidspunkt for når og kven som kan gå i gymsal. Vil ta innsjekk og utsjekk på papir og unngå at vaksne sit med "nasa" i Ipaden. SFO vil opne opp og gjere det meir oversiktleg i gang/garderobe. Tilsette på SFO vil ha anna farge på vesten, for at elevane skal sjå kven vaksne som er i SFO vs vakter for dei eldste som har lengre skuledag.

FAU-SFO ynskjer tett samarbeid med foreldre. 2 nye tilsette er på plass på nyåret. Oda Johanne Mevold Frøland og Veslemøy Garberg.

FAU skule har arrangert Ope hus som er kjekke aktivitetar for elevane. SFO har vald å ha alle elevane samla på ein ettermiddag/kveld. Det gjere vakthald lettare. Juleverkstad blir 2. des. og teater "Kvakk", 20 .nov. står for tur. Reflekskonkurransen er nettopp avslutta.

#### Kommunal representant/folkevald:

Prosess rundt ny ungdomsskule. Argumenta til SU er at då får Klepp stasjon ein fleirbrukshall i samband med skulen. I tillegg får ein miksa ungane frå Orstad og Engelsvoll når dei kjem til ungdomsskulen. Viser til referat frå førre SU-møte.

Det er ikkje satt av midlar til Orstad skule frem til 2032.